

Innkalling til årsmøte etter vedtektene for Norges Korforbund Sunnmøre

Søndag 6.mars 2022, kl. 10.00-14.00
på Havila Hotel Ivar Aasen, Ørsta



§ 4: ÅRSMØTET

4.1. Årsmøtet er Norges Korforbund Sunnmøre si øvste myndigheit.

4.2. Årsmøtets samansetning

- 2 delegatar frå kvart medlemskor
- styrets medlemmar
- leiar av utval valt av Årsmøtet
- æresmedlemmar
- observatørar og gjestar
- revisor

4.3. Årsmøteperiode og forslag til årsmøtet.

Ordinært årsmøte vert halde kvart år innan 31. mars og trer saman etter skriftleg innkalling frå styret med minst **6 vekers varsel**.

Sakliste, årsmelding og rekneskap skal sendast medlemmane seinast **14 dagar før** årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn med minst 14 dagars varsel når styret eller minst 1/3 av medlemmane krev det. Sakliste skal følge innkallinga.

Årsmøtet er vedtaksfør når det er lovleg kalla inn.

Saker som ein ønske handsama av årsmøtet skal, skriftleg og grunngeve, må vere styret i hende minst 4 veker før årsmøtet. 6.februar 2022

4.4. Forslags- og stemmerett.

Delegatar valt av kora i følge § 4.2 kan stemme.

Styrets medlemmar kan stemme og fremme forslag i alle saker som ikkje gjeld årsmelding og rekneskap.

4.5. Møte- og talerett

Leiar av utval valt av årsmøtet, æresmedlemmar og revisor har møte- og talerett.

For styret i NK Sunnmøre

Bjørn Røren
Leiar(sign.)

Påmelding årsmøte 2022.